

LIV I VINJE

Bygdebrev #7

TIL ALLE HUSSTANDANE I VINJE SKULEKRINS DESEMBER 2012



Hei alle saman!

Prosjektet Liv i Vinje, som starta for alvor i januar 2010, er no inne i sin siste månad. F.o.m. januar 2013 må me vandre vidare på litt nye måtar, men med mykje ny kunnskap og inspirasjon frå dei 3 åra med prosjekt som ligg bak oss.

Tidleg neste år, truleg i slutten av januar, vil me kalle inn til eit nytt stormøte på Vinjar for å diskutere vidareføring av prosjektet og organiseringa framover. Me set inn lysing i VTB, så følg med! Den 19. september hadde me også eit folkemøte om erfaringane så langt, der folk m.a. kunne koma med tilbakemeldingar på kva dei ynskte seg framover. Det kan du lesa meir om seinare i dette bygdebrevet.

Fyrst litt innsendt materiale frå forskjellige lag i bygdi:

Red.: Silje Hegg / Layout: Anne Vesaaas



Frå Vinjeutstillinga 2012 med gruppa Oker frå Grenland.

Vinje Handverkslag – ei oppsummering av hausten

Vinjeutstillinga 2012 er forlenget avslutta, ca 1300 besøkjande og eit overskot på ca kr 20.000 i år òg. Mykje godord, hyggeleg det!

Marknadsdagen på Haugsæl 25. august var svært vellukka, mykje folk og god stemning med seljarar frå Haukeli, Rauland og Vinje, ja det dukka jamvel opp to gatemusikantar! Stein Olav frå VTB kom og laga ein fin reportasje. Dette arrangementet kan bli kvart år.

Elles har det vore to temakvelder i haust; ein kveld

hjá Hallbjørg Strøm i Edland (når det var vegarbeid ved Haugsæl) og ein kveld med Ottar Kåsa på Haugsæl. To flotte og lærerike kveldar!

Handverkskveldane for ungar er avvikla; 12 ungar snekra, sauma og teikna. Ja ei dreiv jamvel med brikkevev! Flinke ungar og instruktørar!

Åse Bratland har starta opp kurset i å brodere bunad, og 9 glade damer broderer og broderer. Kurset med Harald Kolstad blir ikkje før på nyåret. Om folk har ynskje/idear om andre kurs, så sei ifrå til styret.

Joleverkstaden med småskulen frå Vinje oppvekstsenter var fredag 30. november. Stor aktivitet og det

JAVIEST -
VA' EG PÅ
LANDSKAPPLEIKEN
OG HØYRDE
PÅ OTTAR -
MAKALAUSE.
HAN ...



Ottar fekk fint
kort teikna av
Hallbjørg Strøm.

blei mange fine ting i fine pakker!

Jolesalg to laurdagar no før jol, mange i laget er aktive handverkarar og lagar så mykje fint! Ein del ting har blitt til på joleverkstadene for medlemmane.

Det er ope på Haugsæl fyrste laurdag i månaden. I tillegg til kaffe, vaflar og handverksutsal prøvar vi med eit ekstra tilbod; Ingrid Allum Svalastog var der med sølv 3. november og Birgit Vinjerui kom for å syne karding og spinning 1. Desember.

Våren 2013

Neste år held fram med tre temakvelder, kurs for ungar, og kanskje blir det eit par kurs i tillegg til bunadsbroderingskurset som held fram. Inger Buraas kjem til Haugsæl fyrste laurdagen i februar. Fylg med på lysingar! Nytt får du på heimesida vår: www.vinjehandverkslag.no og på facebook!

Vinje Grendelag

Sommardugnad

27. juni var det dugnad på Breihjot. Over 20 stk med stort og smått frå 3 år til 80+ møtte opp i det strålende sommarvêret. Det var ein glad dugnadsgjeng som sto på og gjorde det fint rundt grendehuset. Me slo med slåmaskin, grasklyppar, rydda vekk graset, klypte greiner og små rissler med både lauvhogg og ryddesag, og jammen fekk me rydda gamleveg heilt ned til Statkraft òg. Til den jobben hadde me med motorsager,

ATV og traktor. Det vart kjempebra!

Inne stod det ein super kjøkengjeng som laga vaflar, slik at me fekk ei pause med gode røur og fjas. Til slutt kom den etterlengta knotten, og alle vende me heim med eit smil om munnen :)

Jonsokfeiring

Jonsokfeiringa ved Uen vart i år avlyst grunna det fæle regnveret. Bålet derimot fekk me tent på Olsok, og denne kvelden møtte det nokre sjeler som kunne sita tilbakeleint i graset og kjenne varmen slå imot. Det var mange som fekk rydda opp i heimen, for bålet var stort og flott.

Festivalherberge

Etter førespurnad frå Bøgrend Autofest leigde Vinje Grendelag ut Breihjot til overnatting for 12 kjempeflotte Autofestdeltakarar. Det vart ei minnerik oppleving for alle - det har dei iallefall sagt etterpå. Styret i grendelaget gjorde Breihjot reint og fint både utanfor og inni, tenkte på branntryggleiken, og kaupte inn naudsynt hushaldningsmateriell. Det kom folk frå land og strand, både frå aust og vest. Me er takksame for den positive erfaringa, og dette gav meirsmak. Litt inntekter gav det òg.

Jolebasar

Sundag 9. desember sto den årvisse jolebasaren for tur. Det møtte mange trivelege bygdefolk, og kvelden vart som før om åra vellukka.

Blir grønsakdyrking snart like populært som.... fotball?

Liv i Vinje v/Vinje jordfræsarlag inviterar deg til å dyrke jordeple, grønsaker og urter m.m.

Fleire synte interesse for dette på eit møte på Vinjar i vår. Då var konsulent Knut Volland frå Forsøksringen der, og han svara på mange spørsmål og snakka om mangt som kan dyrkast her i krinsen.

Som mange veit frå før, særleg dei eldre, så kan me dyrke mange slag jordeple og rotgrønsaker her, så som gulrot, nepe, kålrot, lauk, kvitlauk, pastinak, jordskakk og raudbitar m.m.

Av grønsaker som veks over jorda kan me dyrke broccoli, grønkål, blomkål og fleire slag salat m.m. Også mange slag urter veks godt her, så som oregano, timian og mynte for å nemne nokre.

Jordbær, solbær, rips, bringebær og stikkelsbær har vore dyrka her i lange tider, og kanskje fleire vil i gang med det?

Å drive jorda som andelsbruk har blitt meir vanleg fleire stader i landet. Ein av godene med det er at



grovarbeidet kan gjerast saman med fleire. Slik kan òg kunnskapen delast t.d. om kva jordtyper som passar til dei forskjellige plantene, førkulturar, forskjellen på tradisjonell og økologisk produksjon, næringsverdi og ymist anna. Det er òg ei glede å gjera noko meiningsfylt saman og hauste grøda i lag. Ei særskilt glede er det å nære andre og seg sjølv med mat ein har vore med å drive fram.

Tenk om me kunne bli sjølvforsynte med grønnsaker. Og endå betre, få litt til overs så me kunne ha noko å selje på ein marknadsdag på Vinje Gardsmat.

Me ynskjer at området for dyrking skal ligge i Vinje skulekrins, men kven som helst elles kan vera med å dyrke. Det er arbeid på gang, i høve til grunneigarane her i krinsen, for å skaffe høveleg areal til dyrking. Dette innlegget er ein invitasjon til deg og dine om å vera med å dyrke i lag. Me vil gjerne vita kven som er interesserte i dette, og derfor må du vera så snill å taka kontakt med oss. Du binder deg ikkje på nokon måte om du gjer det.

Me vil helst høyre frå deg alt no og i alle fall før nyttår. Om me skal leggje meir arbeid i dette, treng me å vita om fleire er interesserte, noko me trur og vonar at de er. Når våren kjem, vonar me så mykje er på plass at dyrkinga kan koma i gang. Derfor må vintermånadane nyttast til førebuingar. Kontakt Marit Sande på tlf 95 27 35 44, eller Olav Rui på tlf 95 05 03 57.

Bøgrend Autofest

Den tredje utgåva av Bøgrend Autofest gjekk av stabelen i august, og i år var det til saman 1500 besøkande innanfor portane desse tre dagane. På scena stod artistar som Susanne Sundfør, Katzenjammer, og ikkje minst Blåmann Blåmann som spelte saman for fyrste gong på mange år! Heile festivalen vart avslutta med Odd Nordstoga med fullt band laurdag kveld. Hallen var stappfull av glade folk som song med for full hals på vers og refreng frå start til slutt. Ein konsert me seint vil gløyme!

Nytt av året var mellom anna eit samarbeid med Vest-Telemark Blad om ei utstilling med artiklar frå og om bygda. Her var det mange artige augneblink og gullkorn å sjå! I år hadde også Vinje Grendelag sett i stand Breihjot for overnatting for festivalgjestene, noko som vart svært godt motteke! Som tidlegare år selde Vinje Gardsmat god drikke og småmat, Bodil Nordjore & Øystein Løvlie laga strålende mat med varer frå Vinje Slakteri, og Kaffemannen ordna rykande fersk kaffe.

Me er svært nøgde med årets festival. Musikken, maten, drikka og ikkje minst stemninga var svært god! Økonomisk gjekk me til slutt i eit overskot på omlag 40 000 kroner. Dette gjeng til eventuell vidare drift av festivalen.

Til slutt ynskjer me å rette ein stor TAKK til alle som var med å hjelpe til for å få festivalen på beina, gode naboar som har lånt oss utstyr, lokale, jorde og ikkje minst takk til artistar som har stilt opp for oss! Utan innsatsen og velvilja frå alle dykk ville det ikkje blitt nokon festival, og i alle fall ikkje så bra som årets Autofest vart til slutt!

Årets Vesttele!

Laurdag 8. desember kunne me lesa i VTB at Bøgrend Autofest er nominert til Årets Vesttele! Hurra og til lukke og stem i veg! Ein kan stemme ein gong per døgn fram til 20. desember!





Supermiddag

Måndag 3. desember var NRK Super på vitjing på måndagsmiddagen! Dei fokuserte særleg på at dette er ein spesiell møtestad for folk i alle aldrar. Reportasjen gjekk på lufta torsdag 6. desember og for dei som ikkje fekk det med seg er det mogleg å sjå det på nett-TV.

Jolemiddag 10. desember

Bodil sa igjen ja til å forsterke kokkegjengen og lage jolemiddag til oss siste måndagsmiddagen før jol, den 10. desember. Kari Vinjerui song og spelte gitar og Elin Fetveit las eit fint stykke av Prøysen for oss. Deilig mat, fine jolesongar og god stemning! Tusen takk til Kari og Elin, Bodil og resten av kokkane!

Paafonnprisen 2012

Historias fyrste Paafonnpris vart dela ut på årsmøtet til Liv i Vinje i fjor, og den gjekk til Aslaug og Knut Erik på Vinje Slakteri. På det komande stormøtet i 2013 vil me dela ut Paafonnprisen for 2012.

Kriteriar:

1. Nyskaping.
2. Bu innanfor Vinje skulekrins
3. Gjeva positiv omtale for området.
4. Kan auke trivnaden og aktiviteten i området.
5. Kan gjevast til både lag og organisasjonar.

Tips oss om kandidatar!

Framlegg til Paafonnpris-kandidat med grunngjeving må vera Anders Sandvik i hende - anten skriftleg eller muntleg - innan 13. januar 2013.

Kontakt Anders:

anderssandvik@yahoo.no, tlf: 954 07 593


LIV I VINJE:

Kvar var me - kvar er me - kvar går me

Dette var tittelen på folkemøtet på Vinjar 19. september. 48 personar møtte. På Vinjar denne kvelden kunne ein m.a. bla i pressklypp frå heile prosjektperioden (Eli Vesaas har på oppdrag samla presseklypp i 3 år. Mange takk til Eli for innsatsen!), over 200 ljusbilete frå aktivitetar i krinsen dei siste 3 åra, og ein kunne studere utstillinga som Bøgrend Autofest laga i samarbeid med VTB til festivalen i sommar. Utstillinga inneheld avisutklypp frå Vinje skulekrins m.m. dei siste tiåra. Her var mange kjende fjes med sveisar me forlengst hadde gløymt at dei hadde hatt.

Arne Vinje, rektor Knut Krossbakken og prosjektleder Ole Dalen sa nokre ord, Irmelin Trøite las eit fint dikt, og Anne T. Romtveit las ei prosjektforteljing ho hadde skrive. Prosjektforteljinga til Anne kan de laste ned i sin heilskap frå heimesida vår. Olav Eriksen heldt så ein kvissleik (quiz) som var laga av styret i Liv i Vinje, med spørsmål frå Vinje skulekrins. Dei heldige vinnarane fekk ein gratis måndagsmiddag!

Spesielt invitert denne kvelden var Märit Thorkild-



“Blått landskap”. Foto: Knut Krossbakken.

son frå Verksemda Vertskapet (www.vertsskapet.no). Ho snakka om verdien av å vera gode vertar og vertinner for t.d ei bygd, og om korleis det ofte er dei små tinga som har stor tyding for folk i kvardagen, eit smil, eit vink, ein hyggeleg kommentar. Det skal eigentleg ikkje så mykje til for å få folk til å føle seg velkomne.

Märit leidde oss gjennom ein runde med gruppearbeid, der alle gruppene skulle koma opp med 3 lærdommar frå prosjektet Liv i Vinje, og 3 framlegg til vegen vidare etter prosjektperioden.

Av lærdommar nemnde folk m.a. at blesten som Vinjesongen og Autofesten har gjeve bygdi er ein viktig verdi, og syner at det går an. Og at måndagsmiddag, påfonndag og bygdebrev fører til sterkare felleskap. Av ting ein såg for seg i framhaldet nemnde folk blant anna at dei håpa folk ville halde fram med å jobbe dugnad på måndagsmiddagen, og at bygdebrevet og heimesida vart vidareført.

Referatet frå dette møtet, med mange fleire detaljar, kan de laste ned på heimesida: Trykk på ”Liv i Vinje” i venstremenyen, og så vidare på ”Referat frå møter”. Der kan de lesa referat frå alle møta i prosjektperioden.

No ser me atter slike fjell og daler

Etter innspel frå bygdefolk har styret i Liv i Vinje lenge prøva å få til hogging av skog langs E134, nedanfor Haugeminnesvingen, for å opne utsikten mot Vinje kyrkje og prestegarden.

I haust har Vegvesenet rydda og stelt mykje langs E134 frå Åmot og oppover. Dag Rune Kvålen har vore leiar for dette arbeidet, og Anne T. Romtveit tok kontakt med han tidlegare i haust og spurde om Vegvesenet kunne ta denne hogsten medan dei likevel var i området. For litt sidan kom gladmeldinga frå Dag Rune at Vegvesenet tek på seg jobben. Gjetordet seier no at arbeidet alt er i gang og antakeleg fint og ferdig når de les dette.

Bygdebrev

Dette er det siste bygdebrevet i prosjektperioden. Det aller fyrste bygdebrevet kom i stand før den formelle prosjektperioden, i 2009. Brevet var skriva av interimstyret og designa av Kari Nestestog. Bygdebrev nr 2-7 er det prosjektarbeidar Silje som har hatt redaktøransvar

for, og etterkvart har fleire og fleire byrja å sende inn tekstar på vegne av sine lag og foreiningar m.m. Det er for det meste Anne Vesaas som med den fine snirkle-rosa til Kari har laga layout'n på desse bygdebreva. Sidan bygdebrevet var noko av det folk ynskte skulle halde fram også etter prosjektperioden håpar me nokon vil ta på seg redaktøransvaret også etter nyttår. Folk som kan tenkje seg å jobbe med bygdebrevet kan kontakte Anders eller Anne i styret, eller koma på stormøtet i januar.

Me takkar Anne Vesaas så mykje for innsatsen med layout og Hanna Jordstøyl som har teke på seg jobben med å køyre ut bygdebrevet til alle postkassene! –og eg (Silje) takkar for meg (det har vore eit triveleg arbeid!) og ynskjer eventuelle arvtakarar lukke til vidare med arbeidet!

Kontakt styret:

Anders: anderssandvik@yahoo.no, tlf: 954 07 593

Anne: a-romt@online.no, tlf: 906 16 209



Vinjesongen "Heim te Vinje"

CD-singelen "Heim te Vinje" er ute i sitt 3. opplag (det er m.a.o. trykt 1500 stk!) og Hanna Jordstøyl har vore så grei å ta på seg administrasjonen og distribusjonen av dette opplaget. Takk til Hanna! Kanskje ligg songen under nokre joletre i år også?

Helsing frå prosjektarbeiderane i Vest-Telemark Næringsutvikling

Me trur at prosjektet Liv i Vinje har sådd mange gode frø, som kan spire i åra framover. Spenstige tiltak som t.d. Måndagsmiddagen, Vinjesongen og Bøgrend Autofest har vist at "alt er mogleg", sjølv på små stader

med få innbyggjarar. Dette gjev von for framtida i Vinje. Takk for godt samarbeid! Venleg helsing Elisabeth, Silje, Eivind og Ole.

Og til slutt...

KLAPP på skuldra til alle som sit i og har vore innom styret i Liv i Vinje. Alle prosjekt er avhengige av folk som er villige til å ta ansvar. Takk alle saman!

*Goood jol og
rektig godt og
spennande nytt
år i 2013!*



Joletrefest på Vinjar

Det blir tradisjonell joletrefest med gang rundt joletreet 3. dag jol på Vinjar.

Me startar kl 17.00 og er ferdige kl 19.00.

Aasmund Nordstoga er festleiar og ungane våre underheld.

Dersom alle tek med litt småkaker kan me fordele dei rundt på borda.

Vaksne kr 50,-
Born gratis

Alle er hjarteleg velkomne!